

**Saksutgreiing****SAKSGANG****Styre, utval, komite m.m.**  
Formannskapet**Møtedato**  
15.09.2015**Saksnr**  
047/15

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-232, FA-	Arkivsaknr 15/616
-------------------------------	-----------------------	----------------------

**Høyring - egedomsskatt på verk og bruk****Vedlegg:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
01.09.2015	Verk og bruk 2015 takstgrunnlag og skatt	65092

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Jølster kommune ber regjeringa leggje bort forslaget om at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for egedomsskatt.
2. «Verk og bruk» må framleis vere eigen kategori i egedomsskattelova, jfr egedomskattelova §§ 3 og 4.
3. Jølster kommune vil som følgje av forslaget få redusert sine inntekter med inntil 2,9 mill. kr.
4. Ved evt. gjennomføring av endringar i grunnlaget for egedomskatten, må dei kommunar som får redusert sine inntekter frå egedomsskatt få kompensert reduserte inntekter.
5. Jølster kommune sluttar seg elles til høyringsuttale frå «Landssammenslutninga av Vasskraftkommunar» av 31.08.15.

## **Handsaming i Formannskapet 15.09.2015:**

Samrøystes i samsvar med tilrådinga.

### **FSK-047/15 Vedtak:**

1. Jølster kommune ber regjeringa legge bort forslaget om at produksjonsutstyr og installasjoner ikkje lenger skal inngå i skattegrunnlaget for eigedomsskatt.
2. «Verk og bruk» må framleis vere eigen kategori i eigedomsskattelova, jfr eigedomskattelova §§ 3 og 4.
3. Jølster kommune vil som følgje av forslaget fa redusert sine inntekter med inntil 2,9 mill. kr.
4. Ved evt. gjennomføring av endringar i grunnlaget for eigedomskatten, må dei kommunar som får redusert sine inntekter frå eigedomsskatt få kompensert reduserte inntekter.
5. Jølster kommune sluttar seg elles til høyringsuttale frå «Landssammenslutninga av Vasskraftkommunar» av 31.08.15.

---

### **Saksutgreiing:**

Finansdepartementet har 18.06.15 lagt ut høyringsnotat om [Eiendomsbeskatning av arbeidsmaskiner m.v. i Verk og bruk](#). Høyringsfristen er 18.09.15. KS vil gje høyringsuttale i saka. Jølster kommune er medlem i LVK, og LVK har gjeve [høyringsuttale](#) 31.08.15.

Finansdepartementet legg i høyringsnotatet fram to alternativ til endring i eigedomsskatten. Begge forslaga legg opp til at ein skal halde «produksjonsutstyr- og installasjoner» utanfor grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt. I alternativ 2 foreslår departementet å fjerne utskrivingskategorien «verk og bruk». Departementet si målsetting er at eigedomsskatten skal avgrensast til skatt på byggingar og grunneigedom. Departementet legg opp til at vasskraftanlegg framleis skal vere skatteobjekt for eigedomsskatt. Dette inneber i praksis at industrianlegg, teleanlegg, fiberanlegg, overføringsanlegg og kraftlinjer samt traostasjonar vil vere unntak fra eigedomsskatt. Dei aktørane som vil ha størst fordel av lovendringa er statsføretak som Statnett, Statkraft og Statoil, samt store industrikonsern som Hydro, andre kraftprodusentar og store teleselskap som eig infrastruktur, t.d. Telenor og Netcom. Det er vanskeleg å sjå at dette er selskap som har små driftsmaringar og därleg inntening, og som derfor treng skattelettre frå kommunane for å sikre forsvarleg drift.

Jølster kommune har samla inntekt frå eigedomsskatt med 14,3 millionar kroner. Skattesatsen er 7%, med differensiert skattesats for landbruk-, bustad- og fritidseigedomar for skatteåret 2015 på 5 %. Eigedomsskatt på verk og bruk utgjer 9,7 mill. kr. av samla eigedomsskatt. For Jølster kommune vil dei endringane i takstgrunnlaget for eigedomsskatt medføre redusert inntekt på mellom 2,4 og 2,9 millionar kroner. Endeleg inntektsbortfall vert ikkje klart utan ny taksering. Største anlegget som vert omfatta av ei evt. endring er Statnett sitt trafoanlegg på Moskog som vart ferdigstilt i 2014. Trafoen er etablert i samband

med ny 420 KV linje Fardal- Ørskog, jfr vedlagt oversyn over egedomsskatt for verk og bruk. Jølster kommune har i 2015 samla inntekt frå skatt og rammetilskot på 179 mill. kr. Redusert inntekt frå egedomsskatt som følgje av den foreslegne endringa utgjer 1.6 % av desse inntektene. Dette kan synast som ei avgrensa inntektsreduksjon, men vil i praksis utgjere kutt av 5 heile stillingar i drifta.

Departementet hevdar i sitt høringsnotat at endringa vil føre til enklare regelverk og større grad av likehandsaming av verk og bruk og næringseigedommar. Rådmannen vurderer at det gjennom rettspraksis og frå lovgjevar er slått fast at integrerte maskinar og tilhøyre er ein del av fast egedom, uavhengig om eigedommen er kategorisert som verk og bruk eller ikkje. Det er derfor ikkje grunn til å hevde at ulike eigedommar vert handsama ulikt i taksering i høve egedomsskatt.

Dei anlegga som er taksert som verk og bruk er ofte store infrastrukturanelegg og energianlegg. Inntektene kommunane får frå egedomsskatt frå slike anlegg, er ofte svært avgjerande for at kommunane legg til rette for og gjev samtykke til etablering av slike anlegg. For Jølster kommune er det mest nærliggande eksempelet etablering av Statkraft sin trafo på Moskog, samt linjeføringa for 420 KV linja Fardal – Ørskog. I slike saker er det avgjerande at det vert liggande igjen inntekter i kommunen og det lokale fellesskapet. Kommunen gjev frå seg råderetten over verfulle naturressursar til anlegg, med til dels store og skjemmande inngrep i naturen. Jølster kommune er etter kvart blitt ein kraftkommune, med samla produksjon frå kraftverk og småkraftverk på 404 GWH. Med utbygging av Jølstra kraftverk vil dette auke med 211 GWH. Dette krev overføringslinjer, og dersom ein skal utnytte dei fornybare naturressursane i regionen er det naudsynt med overføringslinjer for kraftverk. Kommunen må i slike saker vurdere inngrep i naturen og andre negative konsekvensar opp mot fordelane inngrepa gjev lokalsamfunnet, storsamfunnet og ålmenne interesser. Det er openbort at endring i regelverk som ikkje gjev kommunane inntekt frå slik anlegg, vil føre til vesentleg vanskelegare etablering av anlegga for utbyggjarane.

Rådmannen meiner at Jølster kommune og andre kommunar må få kompensert inntektsbortfall som følgje av evt. endring av takstgrunnlaget for verk og bruk. Det er vanskeleg å sjå at regjeringa kan gjere dette gjennom inntektssystemet til kommunane eller gjennom den statlege selskapsskatten, og inntekta må derfor kompenserast på anna måte.

Rådmannen vurderer i samsvar med LVK si høringsuttale at regjeringa sitt framlegg til endringar i egedomsskatt på verk og bruk er därleg fundert, og vil slå uheldig ut for Jølster kommune.

Regjeringa sitt forslag inneber:

- Redusert inntekt for Jølster kommune med 2,9 millionar
- Ei avgrensing av det kommunale sjølvstyre og kommunane sin rett til å skrive ut skatt
- Ei endring i tolking av takstgrunnlag for egedomsskatt som har stått fast gjennom 100 år
- Auka skatteinntekt for staten direkte frå kommunesektoren
- Auka inntening for store industrikonsern og kraftbransjen framfor stabile inntekter til kommunesektoren
- Lita verdsetting av kommunar og lokalsamfunn som gjev frå seg naturressursar til storsamfunnet og industriell produksjon

**Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	01.09.2015	Finansdepartementet	Høyring - eigedomsskatt på verk og bruk